

Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 02.03.2021

Knut Inge Andersen (FNB) sette fram slikt forslag:

«Alternativ

Det vert etablert kulturlandskapspris i Vestland.

Retningslinjene for kulturlandskapsprisen vert godkjent slik dei ligg føre i saksframstillinga. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere justeringar i retningslinjene ved behov, og fullmakt til å avklare den praktiske gjennomføringa i samband med desse prisane. Prisivinnaren vert tildelt kr. 30 000. Det vil seinare bli avklart korleis prispengane og andre kostnader knytt til prisane skal dekkast.»

Avrøysting

Andersen sitt forslag fekk 2 røyster (FNB, U) og fall.

Innstillinga fekk 15 røyster (SP, A, SV, MDG, H, FrP, KRF, V) og vart vedteke mot 2 røyster (FNB, U).

Innstilling til fylkestinget

Det vert etablert klima- og miljøpris for landbruket i Vestland og kulturlandskapspris i Vestland.

Retningslinjene for prisane vert godkjent slik dei ligg føre i saksframstillinga. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere justeringar i retningslinjene ved behov, og fullmakt til å avklare den praktiske gjennomføringa i samband med desse prisane. Kvar prisvinnar vert tildelt kr. 30 000. Det vil seinare bli avklart korleis prispengane og andre kostnader knytt til prisane skal dekkast.